



## Minnetale over Bjørn Tysdahl

Holdt på møte  
18. november 2021

Av Jakob Lothe

Bjørn Tysdahl sovna stille inn 17. desember 2020, 87 år gammel. Med han har ein betydeleg forskar og eit fint menneske gått bort.

I 1947 arrangerte NRK ein konkurranse med tittelen «Våkne unger vet det». Bjørn, som då gjekk i sjuande klasse, blei valt ut til å delta frå Kampen skole i Oslo. Frå same skulen deltok Bjørg, som gjekk i femte klasse, og som fekk auge på den flotte to år eldre guten. Få år seinare blei dei kjende i Ungdomsforbundet og i speidaren, der Bjørn var speidarleiar. Dei blei raskt eit par.

At Bjørn Tysdahl kom frå beskjedne kår på Kampen, prega han. Han var taknemleg for å få leve i eit samfunn der foreldras økonomi ikkje er avgjerande for barnas utdanning. Gjennom heile livet sitt var han nøysam og sjølvhjelpen. To dagar før han vart innlagt på sjukehus for siste gong, var han ute i skogen og samla ved.

Bjørn Tysdahl studerte ved Universitetet i Oslo og blei stipendiat i engelsk litteratur i 1961. 1963–64 budde han og Bjørg i London, der Bjørn arbeidde med doktoravhandlinga i The British Museum.

Han disputerte i 1968 på avhandlinga *Joyce and Ibsen: A Study in Literary Influence*. Det er fleire grunnar til at denne boka, som blei publisert internasjonalt same året, er blitt eit standardverk i internasjonal Joyce-forsking.

Ein grunn er at Tysdahl skriv innsiktsfullt om hovudverka til ein av dei aller viktigaste skjønnlitterære forfattarane i det 20. hundreåret. Livet til den irske diktaren James Joyce (1882–1941) er eit sjeldan godt eksempel på det nære og samtidig konfliktfylte forholdet mellom liv og dikting. Meir kompromisslaust enn dei aller fleste levde Joyce for å bli forfattar; meir konsekvent og nyskapande enn dei fleste brukte han opplevingar og erfaringar frå sitt eige liv som byggesteinar i litteraturen han skreiv. Dei litterære ambisjonane hans var kolossale; Tysdahl viser at det ekstraordinære med Joyce er i kva grad han lykkast med å realisere dei.

Ein andre grunn til at avhandlinga er blitt eit standardverk grip inn i og underbyggjer den første. Som tittelen signaliserer er avhandlinga komparativ: *Joyce and Ibsen* er eit betydeleg litteraturvitskapleg bidrag til det internasjonale forskingsfeltet *comparative literature*. Dette gjeld Tysdahls framstilling av både liv, tekst, og historisk så vel som kulturell kontekst. Det Irland som Joyce blei fødd inn i på slutten av 1800-talet, var på to måtar påfallande likt Norge. For det første var begge landa blant dei med størst utvandring til USA i forhold til folketalet. For det andre var ingen av landa sjølvstendige: Medan Norge framleis var i union med Sverige, herska Storbritannia over Irland.

Tysdahl meiner at desse tilknytingspunkta var medverkande til at Joyce tidleg identifiserte seg med Ibsen, som han beundra i den grad at han lærte seg norsk for å kunne lese Ibsens drama på originalspråket. Ibsens analyserande, usentimentale samtidsdrama var for Joyce inspirert av ein historisk situasjon som likna Irlands.

20. januar 1900 heldt Joyce foredraget «Drama and Life» ved University College Dublin. Med talrike referansar til europeisk litteratur formulerer attenåringen her sitt litterære program: Litteraturens fremste oppgåve er å formidle sanning, men denne sanninga må vere realistisk snarare enn idealistisk. Som eksempel på litteratur som fyller dette kravet, løfter Joyce fram Ibsens *Vildanden* og *Gengangere*. Like etterpå blei Joyce invitert av redaktøren i tidsskriftet *Fortnightly Review* til å melde Ibsens *Når vi døde vågner*. Denne første publikasjonen til Joyce var ein av dei aller viktigaste for han – både gjennom prestisjen og inspirasjonen den gav og gjennom oppmuntring i form av eit takkebrev frå Ibsen.

Her er vi ved ein tredje grunn til at Tysdahls *Joyce and Ibsen* er blitt ein sentral referanse i studiar av Joyce og modernistisk litteratur. Som undertittelen indikerer, undersøker Tysdahl «literary influence», litterær påverknad eller innflytelse. Det å vise korleis påverknaden frå Ibsen kom til å prege og karakterisere litteraturen Joyce skreiv, er uvanleg vanskeleg. Tysdahl gjer

eit stort arbeid i å kartlegge spor av Ibsen i forfattarskapen, frå tidlege essay til *Finnegans Wake*, som er Joyces siste og nesten uleselege roman. Han går så vidare til tolkingar som ikkje er tvingande, forenklande eller formelaktige. Derimot er dei sensitive, opne for at dette ikkje er alt, at det er noko som slepp unna eller at det kan vere andre forklaringar og lesingar. Slik unngår han det potensielt reduktive ved «influence studies».

Det er typisk at Tysdahl er opptatt av det han kallar «the humane commentary» i Ibsens skodespel i relasjon til Joyces skriveteknikk. Det er også karakteristisk at han i konklusjonskapitlet «Indebtedness and Originality» er audmjuk og modig nok til eksplisitt å kommentere den begrensa litteraturvitskapelege verdien av sin eigen studie: «There is, it seems, in the creation of a great art an essential novelty which limits the uses of a study of literary influence». Gjennom ein slik kommentar blir verdien av *Joyce and Ibsen* paradoksalt nok større, og det same blir lesarens respekt for forfattaren av avhandlinga.

Eg vektlegg *Joyce and Ibsen* primært fordi studien er eit betydeleg bidrag til engelsk litteraturvitskap, men også fordi avhandlinga og boka peikar fram mot ei kontinuerleg interesse for anglo-nordiske forbindelsar. Det komparative aspektet ved litteraturforskning kom til å karakterisere nært sagt alt Tysdahl skreiv og publiserte.

Etter å ha arbeidd ved University of Sussex i 1970, kom Tysdahl tilbake til Universitetet i Oslo, der han i mange år var professor i engelsk litteratur. Han stilte si store arbeidskraft til disposisjon og gav betydelege bidrag til alle delane av stillinga: undervisning, rettleiing, administrasjon og fagleg nettverksbygging. Han var sentral i Forum for litteratur og teologi. Saman med professor Stig Johansson arrangerte han i 1980 den første nordiske konferansen for English Studies, og i 1981 gav han og Johansson ut konferansebidraga som bok.

At Tysdahl også fann tid og hadde energi til eiga forskning, er godt illustrert ved at han same året publiserte ein studie av William Godwin – den engelske journalisten, filosofen og romanforfattaren som var ein tidleg representant for utilitarisme og ein forkjempar for anarkisme. Tysdahl viser at romanane til Godwin har ein litterær eigenverdi samtidig som dei knyter an til, og delvis nyanserer, filosofien hans. Studien vidarefører den kombinasjonen av nærlesing og eit skarpt blikk for historisk og kulturell kontekst som er påfallande allereie i doktoravhandlinga.

Tysdahl var som alle forskarar påverka og inspirert av trendar i faget – i hans tilfelle engelsk og allmenn litteraturvitskap. Samtidig var han kritisk til aspekt ved fleire av desse trendane, ikkje minst litterær analyse som ut-

definerte kontekst og til dels også sjalta ut forfattaren. Han var også ein av dei første i norsk litteraturvitskap som introduserte, og dermed blei ein tidleg representant for, den etiske vendinga i internasjonal litteraturforskning rundt 1990. Denne interessa for litteraturens etiske dimensjon, og samspelet mellom etikk og estetikk i litterære tekstar, manifestere seg i eit symposium han var med å arrangere her i Akademiet i 1992. Tittelen på symposiet var «Literature and Ethics» og foredraga blei publiserte av Akademiet same år.

Dei siste åra Tysdahl arbeidde ved Universitetet i Oslo konkretiserte den kontinuerlege interessa hans for anglo-nordiske forbindelsar seg i eit nordisk nettverk for studiar av nordisk og europeisk modernisme. Han spela ei nøkkelrolle i dette nettverket, som diskuterte og forska på både *Anglo-Scandinavian Cross-Currents*, som er tittelen på ei bok han var medredaktør for i 1999 og *English and Nordic Modernisms*, som kom ut i 2002. Dette nordiske nettverket har vore aktivt heilt til no. Tysdahl deltok i det i mange år etter at han formelt hadde gått av, blant anna på ein konferanse i Reykjavik i 2010.

Som professor i engelsk litteratur rekna Tysdahl engelsk som sitt primære arbeids- og forskingsspråk. Samtidig var han ein aktiv og engasjert litteraturformidlar, han leia i ein periode formidlingsutvalet ved Det humanistiske fakultet, og han skreiv faglitteratur på norsk.

Monografien *Maurits Hansens fortellerkunst* frå 1988 diskuterer ein sentral norsk forfattar i tida mellom Det Norske Selskap og Wergeland. Her viser Tysdahl korleis Maurits Hansen blir det Wergeland kalla vår «finttegnede novellist», og han skriv særleg godt om relasjonane mellom Hansens verbale framstilling av landskap og den visuelle landskapsframstillinga hos ein målar som J. C. Dahl.

Tysdahl publiserte om Joyce gjennom heile sitt forskarliv, og rundt år 2000 gjekk han i gang med den første nordiske biografien om Joyce. Med utgangspunkt i ei adresse i Dublin og eit familieportrett skildrar Tysdahl Joyce sin oppvekst i eit spenningsfylt Irland og det omflakkande livet hans i eksil på det europeiske kontinentet. Kvalitetane i doktoravhandlinga er synlege også i denne biografien. Samtidig som Tysdahl viser at det er ein nær samanheng mellom liv og litteratur, understrekar han at det også er avstand, spenning og friksjon. Det er i denne friksjonen den kreative impulsen ligg, som for Joyce var så sterk at han nådde dei enorme litterære ambisjonane han proklamerte i Dublin som attenåring.

Då Tore Rem, Juan Pellicer og eg i 2003 tok initiativ til eit festskrift til Bjørn Tysdahl, var det veldig lett å spørje kollegaene hans om å bidra. I første kapittelet i denne boka løfter Shakespeare-forskaren Inga-Stina Ewbank fram Tysdahls evne til å identifisere og diskutere relasjonane mellom det in-

ternasjonale og det lokale. Denne evna, som fekk impulsar frå oppveksten hans på Kampen i Oslo, er relatert til, og dannar ein del av bakgrunnen for, dei innsiktsfulle diskusjonane hans av litteratur og forholdet mellom litteratur og liv.

Tysdahls eige liv og arbeid var prega av ein gledesfylt pliktetikk og av hans kristne verdisyn. Han sette pris på å tilhøyre Østerås menighet gjennom mange år. Heilt til det siste var han kyrkjevert på søndagar trass i gradvis redusert helse.

Tysdahl skreiv mest om prosalitteratur, men han var òg ein kjennar av poesi og sette stor pris på den rike engelske poesitradisjonen. Ikkje minst var han glad i den engelske romantikken. I William Wordsworths dikt “Lines Composed a few Miles above Tintern Abbey” les vi at den beste delen av eit menneskes liv består av “little, nameless unremembered acts | Of kindness and love”. Bjørn Tysdahls liv inneheldt tallause slike handlingar, og mange dei er på ingen måte “unremembered”.

*Eg lyser fred over Bjørn Tysdahls minne.*